



Nasjonalparkstyret
for Reinheimen

Møteinnkalling

Utvalg: Nasjonalparkstyret for Reinheimen
Møtested: Lom
Dato: 26.09.2025
Tidspunkt: 09:00

Eventuelt forfall må meldes snarest til nasjonalparkforvalter. Vararepresentanter møter etter nærmere beskjed.

Torsdag 25.09.2025 - Møte i rådgjevande utval

Møtet blir på Norsk Fjellmuseum i Lom frå kl. 12.30, med påfølgjande middag på Brimibue og føredrag om fjellrev ved Nina Eide frå Norsk institutt for naturforskning (NINA) kl. 20.00 på Fjellsenteret.

Påmelding

Av omsyn til bestilling av overnatting, middag og lunsj, ber vi om at de melder frå om deltaking seinast onsdag 17. september til:

Kristine Sørli – tlf. 468 97 683

E-post: kristine.sorlie@statsforvalteren.no

Program:

12:30 – Frammøte og lunsj på Fjellmuseet

13:00 – Velkomen og presentasjon av deltakarar v/styreleiar

14:00 – Status og utfordringar i Reinheimen

– Innleiing v/styreleiar

– Informasjon frå forvaltarar og SNO

15:00 – Pause med ein runde i museet, kaffi og noko attåt

16:00–18:00 – Revisjon av forvaltningsplan: innspel frå rådgjevande utval

– Gruppearbeid med ulike case og problemstillingar

18:00 – Middag på Brimibue

20:00 – Føredrag: «25 år med bevaring av fjellrev – vegen vidare og framtidsperspektiv»

– Nina Eide, NINA, på Norsk Fjellsenter

Overnatting for dei som treng, blir på Fossheim Hotell.

Fredag 26.09 Kl. 09 - Styremøtet på møterom ved Norsk Fjellmuseum i Lom.

Kl. 09:00 - 12:00 Styremøte

Kl. 12:00 – Lunsj

Vel møtt til møte i rådgjevande utval og styremøte i Lom!

Saksliste

Utvalgs-saksnr	Innhold	Lukket	Arkiv-saksnr
ST 34/2025	Godkjenning av protokoll og innkalling - Val av ein representant til å skrive under protokoll saman med styreleiar		
ST 35/2025	Orienteringar		
ST 36/2025	Referatsaker		
	Uttale - sak 33/2025 - Nasjonalparkstyret for Reinheimen - rovvilt og tap av verneverdiar i verneområda knytt til Reinheimen		2025/6913
	Nyval av medlem - Nasjonalparkstyret for Reinheimen - valg og konstituering - 2024 - 2027		2023/10558
	Rapport 2024 - Reinheimen NP - drone - bruk av kløvhest til transport av utstyr - innsamling av brennkeologisk materiale - Innlandet fylkeskommune		2023/6638
	SV: Søknad supplerende midler		2024/12773
	Attendemelding - Finndalen LVO - Ottadalen LVO - helikopter - synfaring langs kraftlinje mellom Vågå og Bismo - Helitrans AS		2025/9099
	Opptak av orienteringsmøte 13. juni om oppdrag om organisatorisk tilknytning for vernerområdeforvaltere		2024/13634
ST 37/2025	Delegerte saker		
DS 30/2025	Delegert sak - dispensasjon - Finndalen LVO - oppsetting av gjerde foran seterbygning - Sterringen - 159/1/61 - Simonas Drejeris		2025/6728
DS 31/2025	Delegert sak - dispensasjon - Finndalen LVO - uttak av grus - ferdigstilling av fjøs og stall - Sterringen seter - Arild Falling		2025/7358
DS 32/2025	Delegert sak - dispensasjon - Brettingsmoen NR - ATV uten belter - uttransport av felt elg og hjort - Atle Bakken		2025/6926
DS 33/2025	Delegert sak - dispensasjon - Reinheimen NP - Ottadalen LVO - Finndalen LVO - laus hund - taksering av rype - Finndalen fjellstyre		2025/6543
DS 34/2025	Delegert sak - dispensasjon - Reinheimen NP - Lordalen LVO - organisert ferdsel - taksering av lirype - løs hund - Lesja fjellstyre		2025/6386
DS 35/2025	Delegert sak - dispensasjon - Reinheimen NP - Romsdalen LVO - barmark - motorbåt - laus hund - skadefelling av jerv - Rauma kommune - Verma beitelag - Ulvådalen sausankelag		2025/8216
DS 36/2025	Delegert sak - dispensasjon - Reinheimen NP - motorbåt - Leirungsvatnet - Trygve Hesthagen		2025/7153

DS 37/2025	Delegert sak - forlenget dispensasjon - 130825 - 210825 - Reinheimen NP - Romsdalen LVO - barmark - motorbåt - laus hund - skadefelling av jerv - Rauma kommune - Verma beitelag - Ulvådalen sausankelag	2025/8216
DS 38/2025	Delegert sak - dispensasjon - Reinheimen NP - motorbåt - Torsvatnet - Morten Normann Brekkum	2025/8008
DS 39/2025	Delegert sak - dispensasjon - Reinheimen NP - Romsdalen LVO - 050825 - 120825 - barmark - motorbåt - laus hund - skadefelling av jerv - Rauma kommune - Verma beitelag - Ulvådalen sausankelag	2025/8216
DS 40/2025	Delegert sak - dispensasjon - Ottadalen LVO - Finndalen LVO - skadefelling av gaupe - Vågå kommune	2025/8575
DS 41/2025	Delegert vedtak - dispensasjon - Romsdalen LVO - avskjæringsgrøft - Storlia - Brøstdalen - Rauma 82/8 - Hilde og Webjørn Mjelva	2025/7350
DS 42/2025	Delegert sak - dispensasjon - Tafjorden-Reindalen LVO - helikopter - frakt av materialer til naust og hytte - vedlikehold - Heimstevatnet - Tone Ingebjørg Tryggvason	2025/7959
ST 38/2025	Nasjonalparkstyret for Reinheimen - revisjon samansetting Rådgjevande utval	2025/9773
ST 39/2025	Romsdalen LVO - dispensasjon - 2025 - riving av eksisterende utedo - tilbygg for å etablere ny utedo - Rauma 202/3 - Vermedalen - Grytten fjellstyre	2025/8000
ST 40/2025	Nasjonalparkstyret for Reinheimen - delegering saker - skadefelling og lisensfelling av store rovdyr	2025/5644

ST 34/2025 Godkjenning av protokoll og innkalling - Val av ein representant til å skrive under protokoll saman med styreleiar
 ST 35/2025 Orienteringar
 ST 36/2025 Referatsaker
 Uttale - sak 33/2025 - Nasjonalparkstyret for Reinheimen - rovvilt og tap av verneverdiar i verneområda knytt til Reinheimen
 Nyval av medlem - Nasjonalparkstyret for Reinheimen - valg og konstituering - 2024 - 2027
 Rapport 2024 - Reinheimen NP - drone - bruk av kløvhest til transport av utstyr - innsamling av brearkeologisk materiale - Innlandet fylkeskommune
 SV: Søknad supplerende midler
 Attendemelding - Finndalen LVO - Ottadalen LVO - helikopter - synfaring langs kraftlinje mellom Vågå og Bismo - Helitrans AS
 Opptak av orienteringsmøte 13. juni om oppdrag om organisatorisk tilknytning for vernerområdeforvaltere
 ST 37/2025 Delegerte saker
 DS 30/2025 Delegert sak - dispensasjon - Finndalen LVO - oppsetting av gjerde foran seterbygning - Sterringen - 159/1/61 - Simonas Drejeris 2025/6728
 DS 31/2025 Delegert sak - dispensasjon - Finndalen LVO - uttak av grus - ferdigstilling av fjøs og stall - Sterringen seter - Arild Fallingen 2025/7358
 DS 32/2025 Delegert sak - dispensasjon - Brettingsmoen NR - ATV uten belter - uttransport av felt elg og hjort - Atle Bakken 2025/6926
 DS 33/2025 Delegert sak - dispensasjon - Reinheimen NP - Ottadalen LVO - Finndalen LVO - laus hund - taksering av rype - Finndalen fjellstyre 2025/6543
 DS 34/2025 Delegert sak - dispensasjon - Reinheimen NP - Lordalen LVO - organisert ferdsel - taksering av lirype - løs hund - Lesja fjellstyre 2025/6386
 DS 35/2025 Delegert sak - dispensasjon - Reinheimen NP - Romsdalen LVO - barmark - motorbåt - laus hund - skadefelling av jerv - Rauma kommune - Verma beitelag - Ulvådalen sausankelag 2025/8216
 DS 36/2025 Delegert sak - dispensasjon - Reinheimen NP - motorbåt - Leirungsvatnet - Trygve Hesthagen 2025/7153
 DS 37/2025 Delegert sak - forlenget dispensasjon - 130825 - 210825 - Reinheimen NP - Romsdalen LVO - barmark - motorbåt - laus hund - skadefelling av jerv - Rauma kommune - Verma beitelag - Ulvådalen sausankelag 2025/8216
 DS 38/2025 Delegert sak - dispensasjon - Reinheimen NP - motorbåt - Torsvatnet - Morten Normann Brekkum 2025/8008
 DS 39/2025 Delegert sak - dispensasjon - Reinheimen NP - Romsdalen LVO - 050825 - 120825 - barmark - motorbåt - laus hund - skadefelling av jerv - Rauma kommune - Verma beitelag - Ulvådalen sausankelag 2025/8216
 DS 40/2025 Delegert sak - dispensasjon - Ottadalen LVO - Finndalen LVO - skadefelling av gaupe - Vågå kommune 2025/8575
 DS 41/2025 Delegert vedtak - dispensasjon - Romsdalen LVO - avskjæringsgrøft - Storlia - Brøstdalen - Rauma 82/8 - Hilde og Webjørn Mjelva 2025/7350
 DS 42/2025 Delegert sak - dispensasjon - Tafjorden-Reindalen LVO - helikopter - frakt av materialer til naust og hytte - vedlikehold - Heimstevatnet - Tone Ingebjørg Tryggvason 2025/7959



Arkivsaksnummer: 2025/9773-2

Saksbehandlar: Kristine Sørle

Dato: 18.09.2025

Utval	Utvalssak	Møtedato
Nasjonalparkstyret for Reinheimen	38/2025	26.09.2025

Nasjonalparkstyret for Reinheimen - revisjon samansetting Rådgjevande utval

Innstilling frå forvaltar

I samsvar med nasjonalparkstyret for Reinheimen sine vedtekter, pkt. 6.8, vedtek nasjonalparkstyret følgjande samansetting av fagleg rådgjevande utval for styreperioda 2024-2027:

Interesseorganisasjon	Innlandet	Møre og Romsdal	Felles
Skjåk allmenning	1		
Private grunneigarlag	2	2	
Norges Bondelag	1	1	
Norges Bonde og småbrukarlag	1	1	
Norges Fjellstyresamband	2	2	
Statskog SF	1		
Reiselivslag	2	2	
Forum for natur og friluftsliv – Innlandet (FNF)	2		
Naturvernforbundet Møre og Romsdal (FNF)		1	
NJFF Møre og romsdal (FNF)		1	
DNT- Sunnmøre			
Tafjord Kraft og Rauma Energi		2	
Statens vegvesen/ Nye Veier		2	
Bane Nor			1

Det bør haldast eit årleg møte med fagleg rådgjevande utval. Møtedato skal varslast i god tid, seinast ein månad på førehand. Fagleg rådgjevande utval skal drøfte saker som er knytt til forvaltning, bruk og utvikling av verneområda.

Administrativt kontaktutval skal ha invitasjon for å delta som observatører på møta. Nasjonalparkforvaltar er sekretær for fagleg rådgjevande utval.

Interesseorganisasjonane peikar sjølv ut sine representantar til utvalet, og varslar om utskifting og nye representantar.

--- slutt på innstilling ---

Dokument i saka

- Vedtak i sak 52/2021: *Reinheimen nasjonalparkstyre - rådgivende utvalg - 2020 - 2023*, behandla i Nasjonalparkstyret for Reinheimen 24.09.2021
- Vedtekter for nasjonalparkstyret for Reinheimen, gjeldande frå 1.januar 2024
- Brev frå Naturvernforbundet i Møre og Romsdal, 03.09.2025

Saksopplysningar

I medhald av pkt 6.8 i Vedtekter for nasjonalparkstyret for Reinheimen skal det oppnemnst eit rådgjevande utval for nasjonalparkstyret:

6.8 Oppnevne rådgivende utvalg

Nasjonalpark-/verneområdestyret skal oppnevne et rådgivende utvalg. Utvalget skal bestå av representanter for de ulike interessene i området. Formålet er å legge til rette for et godt samarbeid mellom forvaltningsmyndigheten, offentlige organ, grunneiere, næringsliv, frivillige organisasjoner og samiske interesser der det er relevant.

Rådgivende utvalg kan bl.a. bestå av representanter for grunneiere og rettighetshavere, friluftsråd, næringsliv, frivillige organisasjoner (f.eks. natur- og miljøorganisasjoner) og særlig berørte offentlige organer.

Nasjonalpark- og verneområdestyret bør ha minst ett årlig dialogmøte med rådgivende utvalg.

Nåverande utval har etter vedtak i sak 52/2021 hatt slik samansetnad:

Interesseorg.	Innlandet	Møre og Romsdal	Felles
Skjåk allmenning	1		
Private grunneigarlag	2	2	
Norges Bondelag	1	1	
Norges Bonde og småbrukarlag	1	1	
Mjøsen skog	1		
Allskog AS		1	
Norges Fjellstyresamband	2	2	
Statskog SF			1
Rauma Elveeigarlag		1	

	2	2	
Forum for natur og friluftsliv (FNF)	2	2	
Tafjord Kraft / Rauma Energi		1	
Statens vegvesen/ Nye Veier		2	
Bane Nor			1
DNT-Sunnmøre		1	
Historielag	1	1	

Vurdering

Rådgevinge utval for Reinheimen vart oppnemnd i 2013 og er ei stor gruppe på over 30 personar samansett av representantar for grunneigarar, rettighetshavarar, friluftsråd, næringsliv, friviljuge organisasjonar og særleg berørte offentlege organar.

Dei årlege møta med rådgevinge utval har vore gjennomført på hausten i samband med styremøte. Medlemmar i administrativt kontaktutval har også vore invitert til desse møta. Møta har stort sett vore lagt opp med informasjon frå forvaltninga, presentasjonar frå medlemmar, fagforedrag frå eksterne og workshop. Rådgevinge utval har og vore brukt som referansegruppe/høyringspart i t.d. arbeidet med Besøksstrategien for Reinheimen (2018), og ved revisjon av forvaltningsplan.

I 2017/2018 var det også sendt ut ei spørjeundersøking til alle medlemmane i rådgevinge utval for å få ei attendemelding på om dei ser tent med å delta i utvalet. Bakgrunnen for undersøkinga var at gruppa synest å vera for stor for å ha ein god dialog. Ingen ytra ønskje om å trekke seg frå utvalet, men det vart da nokre naturlege utskifting og organisatoriske endringar av medlemmar sidan oppstart i 2013.

Interesseorganisasjonane oppnemner sjølv nye representantar til rådgevinge utval i samsvar med naturleg utskifting og organisasjonane sine styreperioder.

I 2023 har representantar frå lokale reiselivsaktørar som Guide Romsdal og Ræin/Naturopplevinga delteke i rådgevinge utval. I utgangspunktet er det reiselivet sine destinasjonsselskap i kvart fylke som har vært medlemmer i rådgevinge utval. Det er også mest ryddig at destinasjonsselskapa er faste kontaktar i rådgevinge utval da dei er samlande for alle reiselivsaktørane innafor sin region. Destinasjonsselskapa kan uansett sjølv bestemme kven frå sin organisasjon/medlemmar som skal delta på møte i Reinheimen. Slik situasjonen er no er det 2 store destinasjonsselskap frå kvart fylke som er relevant å invitere.

FNF i Møre og Romsdal har klargjort med sine organisasjonar om deira deltaking i dei rådgevinge utvala i verneområda, og viser til eit brev av 17.01.2020, der dei skriv at FNF er eit samarbeidsforum som uttaler seg berre i dei saker der deira organisasjonar er einige. I saker der organisasjonane har ulike meiningar uttaler dei ulike organisasjonane seg sjølv. FNF Møre og Romsdal tok opp si deltaking i rådgevinge utval i sitt styre, og gjorde slik vedtak 13.12.2019:

FNF ønskjer at medlemsorganisasjonane representerer seg sjølve i dei rådgevinge utvala i verneområda. I den grad FNF er involvert i representasjon i rådgevinge utval, kan dette vere i form av ei registrering av eventuell interesse mellom medlemmene som ikkje er blant dei tre nemnd under, slik at verneområdestyret sjølv kan ta kontakt med dei aktuelle.

Følgjande organisasjonar tar sjølv kontakt med verneområdestyra når det gjeld si interesse for å sitje i rådgevinge utval:

- Den Norske Turistforening ved aktuell lokalforeining

- *Naturvernforbundet ved fylkeslaget*
- *Norges Jeger- og Fiskerforbund ved fylkeslaget*

FNF Innlandet har ikkje vurdert si deltaking av sine underorganisasjonar som eiga intern sak, men i praksis har Naturvernforbundet i Ottadalen og Sel delteke i rådgjevande utval for Reinheimen. Det kan også vera andre organisasjonar under FNF Innlandet som vil vera relevante, men med 2 representantar så kan dei sjølv bestemme kven som skal møte. Derfor vil det framleis vera greitt at FNF Innlandet får invitasjon i tillegg til Naturvernforbundet i Ottadalen og Sel.

Når det gjeld Tafjord Kraft, Rauma Energi, Bane Nor, Statens Vegvesen og Nye veier så har dei i liten grad delteke på møta i rådgjevande utval, og er kanskje ikkje dei mest relevante i rådgjevande utval. På ei anna side representerar desse aktørane tung infrastruktur og eksisterande anlegg innafor landskapsvernområda i Romsdalen, Trollstigen, Tafjorden-Reindalen og i Veltdalen inntil nasjonalparken, noko som kan tale for at dei bør bli invitert til møta.

Av omsyn til samordning med den kommunale forvaltninga er det viktig å halde fram med at administrativt kontaktutval får høve til å delta på møta med rådgjevande utval som før. Administrativt kontaktutvalg er oppretta for å sikre god samordning mellom forvaltning av verneområdene og kommunal forvaltning, og vil såleis ha nytte av dei årlege møta med interesseorganisasjonane knytt til verneområdet.

Nasjonalparkstyret blir bede om å vurdere samansetting av rådgjevande utval for Reinheimen på nytt, for å sikre at dei mest relevante interessane blir representert.



Utval	Utvalssak	Møtedato
Nasjonalparkstyret for Reinheimen	39/2025	26.09.2025

Romsdalen LVO - dispensasjon - 2025 - riving av eksisterende utedo - tilbygg for å etablere ny utedo - Rauma 202/3 - Vermedalen - Grytten fjellstyre

Innstilling frå forvaltar

Med heimel i verneforskrift for Romsdalen lvo § 3, pkt. 1.3. bokstav c), får Grytten fjellstyre dispensasjon til å rive den gamle frittstående utedoen ved Vermevatnet, og bygge toalett som eit tilbygg til sikringsbua, og til nødvendig motorferdsel i samband med tiltaket.

Byggetiltaket

Dispensasjonen er gjeve med følgjande vilkår:

- Fundamentet på utbygget skal være ein enkel mur med naturstein.
- Utvendig kledning skal være lys grå. Det skal være same farge på heile sikringsbua.
- Det kan byggast eit tilbygg på 1.5 m i lengde og 3 m i bredde, men det blir **ikkje** gitt løyve til å bygge ein terrasse med gjerde som søkt om.
- Utvendig mål på ferdig hytte skal ikkje overstige 3m X 6,55m.
- Taket skal være av same type og farge som resten av sikringsbua.
- Det skal haldast ryddig rundt hytta under byggeprosessen.
- Frist for gjennomføring av tiltaket, inkludert opprydding, er sett til 01.12.2026.

Motorferdsel

Dispensasjonen er gjeve med følgjande vilkår:

- Dispensasjon gjeld for 3 turar med to snøskuterar innan utløpet av 2026.
- Transporten skal skje før 20. april evt. 3. påskedag om den er seinare.
- Det skal nyttast leigekøyrar godkjent av Rauma kommune til transporten.
- Køyretrase: Frå Sjugurgarden via Furuholen eller frå vegen inn Vermedalen.
- Statens naturoppsyn (SNO) ved Thomas Rødstøl skal varslast på SMS dagen før køyring (tlf: 915 47 617). Viss SNO opplyser om villrein i traseen, skal turen utsettast.
- Om de ikkje har fått denne åtvaringa og det likevel er rein i planlagt køyrerute, må ein vente til dyra har trekt unna, eller til ein kan køyre rundt dyra i ein avstand på minimum 500 m på le side.
- Søkjar skal sørge for at leigekøyrar har fått ein kopi av dispensasjon og køyrebok. Vedlagt køyrebok (som skal fyllast ut på førehand) og løyvet, skal vere med køyretøyet under transporten.
- Utfylt køyrerapport skal sendast nasjonalparkforvaltninga innan 01.12.2026.

SNO-Reinheimen vil kontrollere at tiltaka er gjennomført i samsvar med vedtaket.

Vi gjer merksam på at tiltaket og må avklarast med Rauma kommune.

--- slutt på innstilling ---

Dokument i saka

Søknad frå Grytten fjellstyre 08.07.2025.

Saksopplysningar

Søknaden

Riving av eksisterende utedo, og tilbygg på sikringsbua for å etablere ny utedo i dette bygget.

Eksisterende utedo er i dårlig forfatning og trenger betydelig vedlikehold, bygget ligger dårlig til i terrenget for bruk vinterstid, i tillegg fylles bygget med snø vinterstid.

Det er derfor et ønske om å rive eksisterende utedo, og etablere et tilbygg med utedo på et av de eksisternde byggene ved Vermevatnet (kalt sikringsbua)

Det nye toalettet blir da bygd tett for vær og vind og toalettet blir av typen snurrede som gjør at toalettet relativt enkelt kan vedlikeholdes.

Toalettet avdelingen blir stående åpen, og kan benyttes av kreti og pleti, også Rauma Energi sine ansatte.

Med dette tilbygget bidrar dette med å rydde opp området, vi får mindre antall bygg og med hyggeligere toalett fasilitet så mener vi at flere vil benyttes seg av denne muligheten og med det reduserer vi avfall på avveie.

I oversiktsplanen til Rauma Kommune og Landskapsverneområde sone 2 står det;


Her tillates bare bygge-og anleggsvirksomhet som er direkte tilknyttet tradisjonelt jordbruk, skogbruk, jakt og fiske.



Totalt areal som rives= ca 3m

Totalt areal som bebygges= 9,95m2 (inklusive platt ved inngang)

Beliggenheten gjør at det vil være behov for å bygge vinterstid, dette for å transportere verktøy og byggematerialer, arbeidet er basert på frivillig arbeid og blir hovedsakelig gjort på helg, det søkes derfor om 3 turer med snøscooter i forbindelse med denne byggingen, pga. sikkerhet menes da 3 turer med 2 snøscootere som kjører etter-hverandre.

Vi har et ønske om å starte bygging vintersesongen 2025/2026 og ferdigstille bygget og opprydding i løpet av 2026.





Byggeteikning.



Bilete 1: Utedoen tv, sikringsbua i midten og hovedhytta til høyre. Foto: Mari Melbø Rødstøl.



Bilete 2: Areal 15,4 m² Lengde 5,05 m Bredde 3,05 m
Grytten fjellstyre har en halvdel av huset med to senger, gasstopp og gassovn. Rauma energi bruker den andre halvdelen til lager. Foto og informasjon frå SNO (Naturopdrag.no)

Søknaden blir vurdert etter:

- Verneforskrift for Reinheimen nasjonalpark, 24.11.2006
- Forvaltningsplan for Reinheimen, mars 2010
- Naturmangfaldlova, 19.06.2009

Heimelsgrunnlag

Delegering

Nasjonalparkstyret for Reinheimen har delegert forvaltningsmyndigheit for Reinheimen nasjonalpark og tilhøyrande landskapsvernområde og naturreservat i medhald av naturmangfaldlova § 62 og nasjonalparkstyret sine vedtekter, sist revidert 19.01.2024.

Verneformål – forskrift

Formålet med opprettinga av Romsdalen landskapsvernområde er å:

- ta vare på eit særprega og vakkert naturlandskap med det biologiske mangfaldet som pregar landskapet
- ta vare på innslag av kulturlandskap der seterhus, setervollar og kulturminne etter fangst og beitebruk utgjør ein vesentleg del av landskapet sin eigenart
- ta vare på eit samanhengande naturområde varierende frå høgjellet med leveområda til villreinen i Ottadalen nord til dalbotnen med Rauma elv
- ta vare på geologiske førekomstar og landskapsformer, der dei bratte fjellsidene mot Romsdalen utgjør eit særprega landskapselement i området.

Ålmenta skal ha tilgang til naturoppleving gjennom utøving av tradisjonelt og enkelt friluftsliv med liten grad av teknisk tilrettelegging.

§ 3. Vernereglar

1. Landskapet

1.1. Inngrep i landskapet

Området er verna mot inngrep som vesentleg kan endre eller verke inn på landskapet sin art eller karakter. Med dei unntaka som følgjer av forskrifta punkt 1.2. og 1.3. er det forbod mot inngrep som oppføring, påbygging og ombygging av bygningar...osv

1.3.c) Forvaltningsstyresmakta kan gje løyve til:

Ombygging og tilbygg til eksisterande bygningar i samsvar med forvaltningsplanen.

Forvaltningsplan

Alle nybygg, oppattbyggingar, tilbygg og restaureringar skal utførast i lokal byggjeskikk. Dette inneber at bygget så langt det er råd skal tilpassast eksisterande bygg i utforming, areal/volum, plassering, tilpassing til eksisterande hus og materialval.

Forvaltningsstyresmakta kan stille vilkår når det blir gjeve løyve til slike tiltak.

Ved vurdering av søknader om nybygg skal ein vurdere bygget og bygget sin funksjon opp mot verneformålet og verneverdiane i området. Ved godkjenning av byggjetiltak etter søknad skal det settast vilkår om at dei blir gjennomført slik at dei ikkje dannar ein kontrast til eksisterande bygningar eller verkar skjemmande i landskapet.

Ombygging og tilbygg § 3, pkt 1.3, c

Det kan etter søknad gjevast løyve til ombygging og utviding av eksisterande bygningar. Ved søknader om ombygging skal ein vera restriktiv med å tillate ombygging som gjev grunnlag for bruksendring av bygningar. Dette må vegast opp mot verneføremålet og målet om ta vare på landskapets sin karakter.

Naturmangfaldlova

Naturmangfaldlova § 48 inneheld tre alternativ for dispensasjon frå vernevedtak. Det kan gjevast dispensasjon dersom det ikkje strider mot vernevedtaket sitt føremål og ikkje kan påverke verneverdiane nemneverdig, eller dersom omsyn til tryggleik eller omsyn til vesentlege samfunnsinteresser gjer det nødvendig. Dersom eit omsøkt tiltak eller aktivitet ikkje strider mot vernevedtaket sitt føremål og ikkje kan påverke verneverdiane nemneverdig, kan forvaltningsmyndigheita vurdere dispensasjon etter § 48.

Presedens

Nasjonalparkstyret for Reinheimen har delegert forvaltningsmyndigheit for Reinheimen nasjonalpark og tilhøyrande landskapsvernområde og naturreservat i medhald av naturmangfaldlova § 62 og Nasjonalparkstyret sine vedtekter, sist revidert 01.01.2024

Vurdering

Grytten fjellstyre har ei fjellstyrehytte til utleige ved Vermevatnet, eit populært fiskevatn i Romsdalen landskapsvernområde. Fjellstyret set ut fisk annakvart år på oppdrag frå Rauma Energi og kultiverer vatnet. Vermevatnet er regulert av Rauma Energi og har eit areal på om lag 6 km². I tillegg til Vermevassbu deler fjellstyret ei sikringsbu med Rauma Energi, og har også eit frittstående utedo (sjå bilete 1).

Fjellstyret søker no om å rive det eksisterande utedoen og oppføre eit tilbygg til sikringsbua, der det skal etablerast toalett. Bakgrunnen for søknaden er at utedoen er i dårleg stand og vert nedsnødd vinterstid.

Forvaltingsstyresmakta kan, med heimel i forskrift for Romsdalen lvo § 3, punkt 1.3 c), gje løyve til ombygging og utviding av eksisterande bygningar. Tiltaket må vurderast opp mot naturmangfaldlova §§ 8–12, jf. § 7.

Kunnskapsgrunnet (§ 8) er vurdert som tilfredsstillande når det gjeld biologiske verdier i området. Det er gjennom naturbase god oversikt over kva som kan påverke landskap, økosystem, naturtypar og artar. Det er ikkje vurdert som nødvendig å bruke føre-var prinsippet (§ 9).

Det er av positiv betyding for landskapsbilete å redusere tal bygningar jmf. § 10 *Økosystemtilnærming og samla belastning*. Nasjonalparkstyret har tidlegare gitt løyve til utedo som tilbygg til fjellstyrehytter i nasjonalparken. Grytten fjellstyre søker og om å bygge terrasse med rekkverk utanfor inngangspartiet. Vi ser ikkje behov for dette på ei sikringsbu med toalett, og det er heller ikkje tradisjon for dette på andre fjellstyrehytter i området. Forvaltar tok kontakt med fjellstyret og forhøyrt seg om behovet for terrassen. Bakgrunnen var at det blir eit trappetrinn opp til døra, men det skulle gå bra å lage eit trappetrinn med stein.

Det er søkt om tre turar med to snøskuterar for transport av materialar og utstyr i samband med bygginga. Jmf. § 12 Miljøforsvarlege teknikkar og driftsmetode er snøskuter ein formålstenleg transportmetode til Vermevatnet. Om fjellstyret planlegg godt, vil tre turar med to snøskuterar vere tilstrekkeleg.

§ 11 Kostnadene ved miljøforringing skal berast av tiltakshavar blir vurdert til å ikkje være relevant.

Bygningsmassen vil auke med 1,5 m², då det eksisterande utedoen på 3 m² vert fjerna og tilbygget vil ha eit areal på 4,5 m². Reduksjonen i talet på bygningar vil vege opp for auken i bygningsmasse.

Belastninga på verneområdet vert vurdert som forbigåande og akseptabel. Eventuelle ulemper for verneverdiane vil bli avbøtt gjennom vilkår i løyvet.



Arkivsaksnummer: 2025/5644-15

Saksbehandlar: Kristine Sørle

Dato: 18.09.2025

Utval	Utvalssak	Møtedato
Nasjonalparkstyret for Reinheimen	40/2025	26.09.2025

Nasjonalparkstyret for Reinheimen - delegering saker - skadefelling og lisensfelling av store rovdyr

Innstilling frå forvaltar

Med heimel i vedtekter for nasjonalpark-/verneområdestyrer punkt 6.3, gir Nasjonalparkstyret for Reinheimen nasjonalparkforvaltarane myndigheit til å behandle søknader og treffe vedtak i saker som gjeld skadefelling og lisensfelling av store rovdyr innafør verneområdet.

Vedtak fatta av nasjonalparkforvaltarane føreset at Statsforvalteren har gjeve løyve til skadefelling, og at lisensfellinga for perioden er i trå med gjeldande kvotevedtak i den aktuelle rovviltregionen.

Delegerte vedtak skal refererast for styret i etterfølgjande møte.

--- slutt på innstilling ---

Dokument i saka

- Vedtekter for nasjonalpark-/verneområdestyrer oppnevnt i medhold av naturmangfoldloven § 62. Fastsatt av Miljødirektoratet 19.01.2024
- *Delegering av myndigheit til AU-Reinheimen og nasjonalparkforvaltar - jf. reviderte vedtekter for nasjonalpark-/verneområdestyrer, sak 4/24, 04.03.2024*
- Delegert sak – 15.05.25- Reinheimen NP - Finndalen Ivo - skadefelling ulv
- Delegert sak – 05.08.25 - Ottadalen Ivo – Finndalen Ivo – skadefelling gaupe
- Delegert sak – 07.08.25 - Reinheimen NP – Romsdalen Ivo – skadefelling jerv
- Delegert sak – 14.08.25 - Reinheimen NP – Romsdalen Ivo – skadefelling jerv
- Delegert sak – 28.07.25 - Reinheimen NP – Romsdalen Ivo – skadefelling jerv
- E-postar frå miljødirektoratet og statsforvaltar i saka

Saksopplysningar

Vågå kommune tok kontakt med forvalter i mars 2025 om det må søkjast om løyve etter verneforskriftene dersom det skal sleppast laus hund i samband med skadefellingsforsøk innafør Reinheimen og Finndalen Ivo.

Tema knytt til felling av freda rovvilt i vernerområdet har vore noko uklart så forvalter kontakta miljødirektoratet for å få ei juridisk vurdering av om det etter våre verneforskrifter kan kreves søknad i saker som omfatter skadefelling og bruk av løs hund på freda rovvilt innafør verneområdet.

Miljødirektoratet svarte følgende om skadefelling, i e-postar 20. og 21.mars 2025:

Det er som du skriver ikke noe direkte krav etter forskriftene om å holde hunder i bånd. I NP § 3 er dyrelivet fredet mot skade og unødigg uroing, i lvo fremgår at dyrelivet ikke må forstyrres. Direkte brudd på bestemmelsene krever at vi kan påvise skade eller (unødvendig) forstyrrelse, noe som kan være krevende å fastslå i forkant. Bestemmelsene har derfor kanskje sin viktigste funksjon som en norm for aktsomhet og i den samlede vurderingen av hvorvidt søknadspliktige tiltak skal gis tillatelse og evt. på hvilke vilkår.

I de aktuelle verneområdene er det gjort unntak for jakt og fangst etter viltlova. Skadefelling er ikke omfattet av dette unntaket slik at denne fellingen i seg selv krever tillatelse. I vurderingen av om tillatelse skal gis må det også tas stilling til hvilke vilkår som evt skal settes til denne og om bruk av løs hund skal kunne benyttes (er dette nødvendig, konkrete hensyn i f.eks. bestemte områder eller tidspunkt hvor dette ikke bør tillates, etc.)

I verneforskrifter som ikke har unntak for skadefelling og lisensfelling, kun jakt og fangst etter viltloven, krever slik felling tillatelse. I noen områder hvor dette av erfaring skjer årlig kan det være hensiktsmessig å finne praktiske løsninger for søknadsprosessen, f.eks. årlige søknader og vedtak.

I forslag til ny viltressurslov [horingsnotat1271854.pdf](#) er det foreslått en klargjøring ved at begrepene jakt, fangst, skadefelling og lisensfelling defineres (se § 3), og det foreslås også tatt inn et eget kapittel 8 om felling etter naturmangfoldloven § 18. Etter planen forsøker man å få ny lov vedtatt ila 2025 med virkning fom 2026, men dette er fremdeles uavklart. **Dersom ny lov vedtas etter forslaget vil den ikke medføre noen endring for dagens verneforskrifter som ikke gjør direkte unntak for skade- og lisensfelling, idet forslaget kun klargjør at skade- og lisensfelling er noe annet enn jakt og fangst.**

Miljødirektoratet svarte følgende om lisensfelling 29.08.25:

For de områder hvor det i verneforskriften ikke er gjort unntak for lisensfelling, krever denne aktiviteten tillatelse og må behandles på samme måte som alle andre tiltak som må søknadbehandles i verneområdet. Den enkelte jeger må ha tillatelse i slike tilfeller. Det er imidlertid ikke noe i veien for at en person søker på vegne av flere, f.eks. et jaktlag. Forvaltningsmyndigheten kan utforme standardiserte tillatelser som går ut til de som søker. En slik tillatelse kan også gjelde hele verneområdet dersom det er grunnlag for dette. Tillatelsen må fylle kravene til enkeltvedtak og også omfatte de vurderinger verneforskriften og nml. krever. Den bør opplyse om at det i tillegg er nødvendig å ha kvotevedtak og innhente grunneiers tillatelse.

Rovviltansvarlege hos Statsforvalteren i Innlandet og forvaltere for dei aktuelle verneområdene hadde fleire møte for å drøfte forholdet og finne løysningar for ein effektiv måte å behandle sakar om skadefelling og lisensfelling på, slik at ikkje nasjonalparkforvaltinga blir eit hinder for iverksetting av skadefelling og lisensfelling som det er gjeve tillatelser til etter rovviltforskrift og naturmangfaldlov, og er i samsvar med kvotevedtak i rovviltneimndane.

For å sørge for ein effektiv behandling i Reinheimen avklarte forvaltar med styreleiar på telefon 14.05.25, om at i saker der statsforvaltaren har gjeve dispensasjon til skadefelling, kan forvaltar treffe vedtak, jf. Pkt. c. I Reinheimen området ble det behandla 5 sakar om skadefelling i løpet av beitesesongen.

For lisensfellingsperioden og før beitesesongen neste år blir Nasjonalparkstyret for Reinheimen bede om å gje forvaltaren myndigheit til å treffe vedtak og avgjersle i sakstyper på vegne av styret som gjeld skadefelling og lisensfelling av store rovdyr.

Heimelsgrunnlag

Med heimel i naturmangfaldlova § 62 andre ledd tredje punktum, og delegeringsvedtak (8.jan. 2021 nr.65 og 15.januar 2021 nr.82), har Miljødirektoratet oppdatert vedtektene for nasjonalpark-/verneområdestyrer, 19.01.2024. I oppdaterte vedtekter går det fram at styret kan gje forvaltaren myndigheit til å treffe vedtak i spesifiserte sakstyper på vegne av styret, jf. pkt. 7.2 og 6.3.

Vedtekter for nasjonalparkstyret:

7.2 Fatte vedtak etter delegert myndighet

Nasjonalpark-/verneområdeforvalter kan fatte vedtak etter delegert myndighet. Dette forutsetter at nasjonalpark-/verneområdestyret i skriftlig beslutning har delegert aktuell myndighet til forvalter etter pkt. 6.3.

Det skal komme frem av saksutredningen hvis forvalter fatter vedtak etter delegert myndighet. Alle vedtak som fattes etter delegert myndighet, skal refereres for styret.

Vedtak forvalteren fatter etter delegert myndighet etter pkt. 6.3 skal være i tråd med naturmangfoldloven, verneforskriften og forvaltningsplan. Nasjonalpark-/verneområdestyret kan gi særskilte retningslinjer for behandlingen av denne typen saker.

6.3 Delegere myndighet til forvalter

Nasjonalpark-/verneområdestyret kan gi forvalteren myndighet til å treffe vedtak og beslutninger i følgende sakstyper på vegne av styret:

1. Behandle søknader om ferdsel og om motorferdsel etter verneforskriftenes spesifiserte dispensasjonsbestemmelser.
2. Behandle søknader etter verneforskriftenes øvrige spesifiserte dispensasjonsbestemmelser og etter naturmangfoldloven § 48:
 - a) når vedtaket innebærer fornying av tidligere dispensasjon som er gitt av nasjonalpark-/verneområdestyret eller arbeidsutvalget dersom forutsetningene for tillatelsen er tilnærmet uendret,
 - b) når det foreligger en etablert forvaltningspraksis fra saker behandlet av nasjonalpark-/verneområdestyret eller arbeidsutvalget i tilsvarende saker og
 - c) når forvaltningsplan gir entydige føringer for utfallet av søknadsbehandlingen.

Vernereglar

Verneforskrifta for Reinheimen NP § 3, pkt. 3.1., Vern av dyrelivet:

Dyrelivet, inkludert hi, reir, hekke, yngle- og gyteplassar, er freda mot skade og unødig uroing.

Verneforskrifta for Reinheimen NP § 3, pkt. 5.1., Ferdsl:

All ferdsel skal skje varsamt og ta omsyn til vegetasjon, dyreliv og kulturminne.

Verneforskriftene for landskapsvernområda, § 3, pkt. 4.1., Ferdsl:

All ferdsel skal skje omsynsfullt og varsamt slik at det ikkje skjer skade på landskap, naturmiljø eller kulturminne. Dyrelivet må ikkje forstyrrast.

I både i verneforskrifta for Reinheimen NP og i landskapsvernområda står det at reglane i punkt 3.1. ikkje er til hinder for:

- a. *Fiske etter lakse- og innlandsfisklova*
- b. *Jakt og fangst etter villtlova.*

Vurdering

Det går fram av Miljødirektoratet sine attendemeldingar at skadefelling og lisensfelling innafor Reinheimen krev dispensasjon frå verneforskriftene for at felling skal vera lovlege. Dette er ingen realitetsendring, sjølv om det har vore praktisert av mange forvaltningsmyndigheitar. I nyare verneforskrifter, truleg etter ny naturmangfaldlov i 2009, er det teke inn eigne regler om unntak for skadefelling, som t.d. i Breheimen, der det står følgande at , *«Regelen i pkt. 3.1 er ikkje til hinder for:*

- a. *jakt, fangst og fiske i samsvar med gjeldande lovverk.*
- b. *skadefelling av store rovdyr i samsvar med gjeldande lovverk.»*

I viltforvaltninga er det presisert at "jakt" og "skadefelling" er to ulike ting, sjølv om det truleg ikkje var meininga da forskriftene ble vedteke. Det er uansett ordlyden i verneforskriftene ein må halde seg til.

Skadefelling og lisensfelling av rovvilt eit døme på tiltak som ikkje ble vurdert på vernetidspunktet i 2006 da verneforskriftene for Reinheimen ble utforma.

Skadefellingsforsøk er eit akutt skadeførebyggjande tiltak med heimel i naturmangfoldloven § 18 første ledd b) og rovviltforskriften § 9, som Statsforvalteren vurderar og gir løyve til.

Lisensfelling av jerv er basert på kvotevedtak i rovviltnemndene, jf. Naturmangfaldslova §§8 og 10. Alle lisensjegarar må også registrere seg i jegerregisteret for å kunne delta på lisensfelling.

Arbeidsomfanget dette kan generere i verneområda er bekymringsfullt, sidan det kan dreie seg om mange hundre lisensjegarar i enkelte områder, og dei opererer heller ikkje som eit lag. Statsforvalteren i Innlandet har så smått starta å informere tydelegare om behovet for eigen dispensasjon dersom du skal på lisensfelling i verneområda, men det er mange jegerar som ikkje er klar over at lisensfelling trenger dispensasjon, og det er liknande informasjonsbehov for lisensjegarar i Møre og Romsdal

Situasjonen er heller ikkje haldbar over tid. Statsforvalteren har vakttelefon på rovvilt som kommuner, beitenæring og jaktlag kan kontakte. Ein slik ordning har ikkje nasjonalparkforvaltninga sjølv om vi strekker oss langt. Ved akutt skadesituasjon er det avgjerande at vurderingar og beslutningar kjem raskt slik at skadeomfanget kan avgrensast. I samarbeid med andre store verneområde som t.d. Rondane har vi no utforma malar for delegerte vedtak for å handtere saker som oppstår og for å effektivisere saksbehandlinga.

Om verneregane i Reinheimen hadde blitt utforma etter 2009, ville det truleg blitt gjort unntak for skadefelling og lisensfelling. Jaktomgrep knytt til villtlov, skadefelling og lisensfelling bør derfor kunne avklarast ved ei mindre forskriftsendring. Det kan gjerast «mindre endringar» i forskrift av uvesentleg art. Utilsikta (språklege) forskjellar i verneforskrifta som fører til klåre uheldige konsekvensar må kunne meldast inn til KLD / miljødirektoratet med behov for endringar.

Ei avklaring om ei forskriftsendring vil uansett ta tid, og forvaltarar må innan den tid få delegert mynde for å gjere vedtak i saker som gjeld skadefelling og lisensfelling av store rovdyr innafor Reinheimen nasjonalpark og tilhøyrande landskapsvernområde.